

Emneansvarlig Ingunn Myklebust

E-post Ingunn.Myklebust@uib.no

Dette emnet har mer enn én emneansvarlig - Ja

Emneansvarlig Ernst Nordtveit

Kurset/emnet som evalueres her ble avholdt Høst 2020

Evalueringen gjelder dette emnet: JUS124 Tingsrett

Har det blitt gjort endringer i kurset siden forrige gang det ble avholdt? Hvis ja: hvilke?

Som følge av korona har all undervisning H 2021, med unntak av ei storgruppesamling, vore digital. Eksamensavvikling også som heimeeksamen med alle kjelder tilgjengeleg.

Kursets struktur

Tingsretten gjeld i hovudsak retten til, eller i, fast eigedom, og kan delast inn i ulike tema som offentleg styring av fast eigedom, eigedomsgrensar, grannerett, sameige, hevd osv. Opplegget er søkt gjennomført slik at tema for kursoppgåver (arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver), vert drøfta og løyst etter at det aktuelle tema er gjennomgått på førelesingar. Ved obligatorisk prøve blir det gitt både nokre spørsmål som vi har arbeida med frå før, og nokre «nye» som ikkje har blitt gjennomgått i undervisninga enno. Det som er gjort til tema for førelesing, gruppeoppgåver og eksamen, er dei emna som er skissert i læringsutbytteskildringa.

Digitale elementer i kursgjennomføringen

Både førelesingar og gruppeundervisning har siste året vore gjennomført via nettet, både ved innspel i studio på fakultetet, direkte eller ei opptak frå førelesarar, eller via zoom eller andre plattformer for dialog med studentar. Stort sett fungerer dette fint, og vi trur at den normale kvardagen etter korona kan bli ei blanding av digital undervisning og direkte møte med studentane.

Litteratur

Kurset vil endrast i samband med ny studiereform, slik at den mest interessante diskusjonen om oppdateringar og endringar må gjerast i høve til nye emneskildringar og mål for kurset.

Studentenes arbeidsuke er normert til 40 timer i uka iht sentralt regelverk. I lys av dette: hvordan vurderer du arbeidsbelastningen i kurset ditt?

Vi får tilbakemeldingar om at tingsrett oppfatast som eit stort og vanskeleg kurs, som krev mykje av studentane. Det er vanskeleg å måle arbeidsmengda i tal på timar, men erfaring viser at det er behov for å ha fullt fokus på kurset i den perioden som er sett av til dette.

Forelesninger

Målet med førelesingar er å supplere lærebøkene, og i førelesingane er særleg metode, grunnprinsipp i reglane, fellestrekk og rettsutvikling osv. framheva som viktig. Alle førelesingar er publisert som opptak. Dette opplevast som nyttig. Førebels er det i liten grad lagt opp til dialog under førelesingar, fordi gruppa av studentar er så stor.

Storgrupper og seminarer

Oppgåvene for storgruppene er lagt opp slik at det er venta aktivitet frå studentane, med t.d. prosedyreøvingar og praktiske og teoretiske spørsmål særleg retta mot utpeika arbeidsgrupper, som skal presentere. Stort sett fungerer dette godt, men gjennomgåande er opplevinga av nokre storgrupper fungerer betre (er meir aktive) enn andre. Det kan det nok vere fleire årsaker til, og skuldast nok i stor grad dynamikken intert i arbeidsgrupper og storgrupper.

Arbeidsgrupper og arbeidsgruppeledere

Arbeidsgruppeleiarane styrer diskusjonar og gjennomgang av arbeidsgruppeoppgåver. Vi opplever at samarbeidet med gruppeleiarane fungerer godt, og at dei tek kontakt med kursansvarlege ved behov. Det er på førehand lagt opp til breie diskusjonar om mål for kurset, opplegg og gjennomgang av skrifteleg utdelt materiale, slik at oppfølginga av arbeidsgruppa i stor grad følgjer eit planlagt løp.

Arbeids-/seminaroppgaver (1.-3. studieår: til arbeids- og storgrupper, 4. studieår: til seminarer)

Arbeidsgruppeoppgåvene er i stor grad "resirkulerte" og det opplevast slik at arbeidsgruppeleiarar som er med i fleire år set pris på at fleire av oppgåvene er like frå eit år til det neste. Samstundes blir stadig ei eller fleire oppgåver bytt ut, slik at oppgåver blir skifta ut og dagsaktuelle tema kan bli drøfta.

Eit mål er å arbeide med både teoretiske og praktiske oppgåver, men også at svar på oppgåver skal kunne skje med ulik grad av detaljfokus. Dette er forklart arbeidsgruppeleiarar på førehand, og fungerer fint.

Obligatorisk oppgave

På same måte som eksamen, kan obligatorisk oppgave innhalde både praktiske og teoretiske element. Ein skilnad er at obligatoriske prøver kan vere vanskelegare på den måten at ein må kunne vente at ein arbeider med med rettskjeldene for å finne svar på oppgåva. På den andre sida kjem obligatorisk prøve relativt tidleg i kurset, slik at sjølv problemformuleringane i oppgåva bør halde seg til dei grunnleggjande problemstillingane i kurset. Gjennomgåande har vi god røynsle med tilnærninga til denne oppgåva, som først og fremst er ei øvingsoppgåve.

Eksamensoppgave og sensorveiledning

Kursansvarlege byter på å lage utkast til oppgåve, som blir diskutert saman og med eit oppgåveutval, til ein kjem fram til eit faktum og problemstillingar som er passeleg tilpassa kurset, vanskegrad og i høve til mengde. Tilbakemeldingar tyder på at sensorgruppa, er godt nøgde både med oppgåver og rettleiingar.

Sensorkorpset

Vi har eit nokonlunde stabilt sensorkorps, men slik at det naturlegvis er ei viss utskifting frå år til år. Fristar blir normalt halde, men med lengingar pga sjukdom og slike ting. Kursansvarleg følgjer opp ved nivåkontroll og individuelle tilbakemeldingar ved behov.

Karakterfordeling, strykprosent og frafall

Alt er normalt.

Klagesensur og eventuelle kontrollkommisjoner

Ingen klager på sjølv sensuren. Ein klager jo på karakter, osv.

Andre elementer knyttet til eksamen som bør påpekes

nei

Årets digitale tilbakemelding fra studentene

Kurset er under endring, så eg ser ikkje grunn til å gå nærare inn på dette. Tilbakemeldingar som vi har fått er mest positive, sjølv om det alltid er småting som kan bli kommentert. Det som gjeld korona, har jo liten overføringsverdi og uansett lite vi som kursansvarlege kan gjere noko med.

Internasjonalisering

I kurset er det med noko internasjonale kjelder ved gjennomgang av EMK P1-1, rammer for berekraft mm. I kva grad dette skal styrkast, er slik som vi tek med vidare i diskusjon om det nye tingsrett- og immaterialrettskurset.

Samlet vurdering av kurset, og ev. forslag til tiltak for neste års kurs

her arbeider vi saman med alle kurs i same semester, og tilpassar oss nye krav til "fellesundervising", nye obligatoriske element osv. Som alt nemnt vil i framtida i større grad kombinere digital undervising med undervising som krev oppmøte og direkte dialog.

Lokaler og undervisningsutstyr

pass

Andre forhold som bør kommenteres

Vi meiner tingsretten har fungert bra til no, men er også klare for omstilling ;-)